# Fjell kyrkjeblad

Utgave 2
2015



## Velsigna påske!



### Påske i Foldnes
Side 5



### Konfirmantane
Side 8-9



### Kjekt på T-dag
Side 10-11

Fjell kyrkjeblad

**UTGJEVAR** Fjell sokneråd

Kyrkjeblad for Fjell
kjem ut 6 gonger i året
og kostar kr 200,- pr. år.
For utanbygds: kr 250,-.

**Bankgiro, Kyrkjebladet**
8580.14.09461

**Bankgiro, Fjell sokneråd**
8580.14.09453

**Ansvarleg redaktør**
Annlaug Børve

**Redaktør og grafisk design**
Margit Liljan Apelthun

**Trykk**
Molvik grafisk AS

**Forsidebilde**
M. L. Apelthun

**Kyrkjekontoret**
Postboks 184,
5342 Straume

**Telefon**
55 09 74 40

**Epost**
post.kyrkja@fjell.kommune.no

**Besøksadresse**
Tytebærbrekko 2, «Temahuset»

www.fjell-kyrkjelyd.no

**INNLEVERINGSFRIST**
for annonser og kunngjeringar
til neste utgåve av
Fjell kyrkjeblad: 11. mai.

# Velsigna påske!

Den sure vinteren held på å sleppe taket, snøklokkene tittar fram og strilane løftar blikket mot sola og tek til å tru at våren kjem snart og vekkjer naturen opp til nytt liv.

Like visst som våren kjem, so kjem påsken ved første søndag etter fullmåne etter vårjevndøgn. Påsken er ein av Herrens festar som har utruleg mykje innhald.

Den mange tusen år gamle påskefesten minnar oss om israelittanes veg ut av trældomen i Egypt. Nøkkelen til fridomen var at det lytelause påskelammet vart slakta og israelsfolket berga livet då dei strauk lammet sitt blod på dørstokkane. Dødsengelen gjekk forbi då han såg blodsteiknet.

Påsken er også festen for den store, skjellsetjande hendinga som starta ei ny tid då Jesus Kristus vart krossfest i Jerusalem. Jesus frelste oss ut av dødsskuggens trældom og berga vårt andlege liv. Han vart det lytelause påskelammet som i kjærleik gav opp sitt eige liv for å berga alle som tek imot blodsteiknet på hans død og oppstode. Jesu forsoning er vår dør til fridomen og livet hos Gud.

Du kan lese meir om påskebodskapen i andakta på side 3.

På side 4 kan du lese om skulen for fattige barn i Laos som kyrkjelyden i Fjell kyrkje støttar med gåver. På same sida blir du invitert til ein kyrkjelydstur i kvilepuls til Vikersund i august.

Vi vil på nytt påminna om påskegudstenestene i Foldnes kyrkje som vert kringkasta over heile landet på NRK. På grunn av NRK-opptak så er det nokre praktiske ting kyrkjegjenarane må merka seg og ta omsyn til. Det kan du lese meir om på side 5.

I kyrkja på Fjell har dei fått nytt flygel, noko som kantoren gledar seg særleg over. Det kan du lese om på side 6, og her finn du også mykje informasjon om dei kyrkjemusikalske aktivitetane i soknet.

Det er kyrkjeval til hausten, og på side 7 kan du lese om kva som må til for å førebu seg på det.

Vi har i dette bladet trykt opp alle namna på årets konfirmantar i Fjell sokn. Dei finn du på side 8 og 9. Og på side 10 og 11 finn du ei god oversikt over trusopplæringsdagar som kjem, og som har vore. Vi vil også gjere merksam på oversikten over alle gudstenestene i dei tre kyrkjene fram til sommaren som du finn på side 12.

Vi ønskjer lesarane ei god lesestund og ei velsigna påskehøgtid!

**Margit Liljan Apelthun**

# Fjerning av mosekransar og vinterdekke

Mosekransar og vinterdekke frå kyrkjegardane/gravplassane vil bli fjernai veke 13. (23.-27. mars 2015).

Vi minner samtidig om at brukarane av kyrkjegardane må sortere avfallet i riktig spann.

Brunt spann skal berre brukast til organisk avfall som kan komposterast og grønt spann til alt anna restavfall.

## SOMMARJOBB 2015

**Vi søkjer etter sommarhjelper på gravplassane/kyrkjene i Fjell, i perioden 22. juni til 21. august.**

Arbeidet består i hovudsak av å klippe plen, luke ugras, maling og gjere anna førefallande arbeid etter avtale med driftsleiar. Sommarhjelper får timeløn etter tariff. Opplys i søknaden kva for veker du kan arbeide.

***Søknader skal sendast til:***

Fjell sokneråd, v/driftsleiar Norvald Snekkevik, pb 184, 5342 Straume

eller epost: norvald.snekkevik@fjell.kommune.no

Spørsmål om stillingane kan rettast til driftsleiar på tlf 93 07 07 41

**Søknadsfrist: 22. mai 2015**

DEN NORSKE KYRKJA
Fjell sokn

# Et budskap om en større virkelighet

Det er fint å være tilbake som prest i Fjell, etter et år på bispedømmekontoret. Det er kjekt å få lede gudstjenester igjen, få møte folk i forskjellige faser i livet, og få være en del av den flokken som jobber i og rundt kirkene våre.

Da jeg var ganske fersk som prest var jeg på et kurs med tittel «Barn i faresonen», om barn med rusavhengige foreldre. Det kurset åpnet øynene mine for hvor forskjellige utgangspunkt vi har i livet, og jeg tror det har formet min tjeneste som prest. Det er så mye vi ikke vet om de menneskene vi møter, og har rundt oss. Mange bærer på smerte og sorg som kanskje ingen vet om, noen bruker så mye krefter på å overleve at det ikke er krefter igjen til noe særlig annet. Men alle har også styrker og gode egenskaper som kan forbli skjult for mange. Alle trenger vi noen som ser oss og bryr seg om oss, og alle har vi noe å gi til folk rundt oss. Alle er så mye mer enn det vi ser.

Det nærmer seg påske. Og jeg håper at flest mulig lar påska være påske, og tar inn hva som skjedde påskedagene i Jerusalem.

Det er ikke mulig å gripe fullt ut dybdene i det som skjedde den gangen for så lenge siden. Tanken strekker ikke til. Og da blir det vanskelig å finne de gode ordene på det vi har sett og grepet. Vi finner ingen ferdige formuleringer som åpner opp alt for alle. Vi er overgitt til etter beste evne å si det så klart og forståelig som vi kan.

Det som skjedde i påska betyr mye for meg. Det har gitt meg en trygghet i tilværelsen. Et håp å leve på. En å søke i glede og i sorg. Langfredagen og påskedagen forteller oss at vi er elsket. På ordentlig. Det er ikke noe søtladent og dvaskt, men sterkt og ekte. En kjærlighet som bærer til og med gjennom døden. Jesus dør for oss, for vår skyld. Han tåler fornedrelse, smerte, spott og død fordi han elsker. Elsker DEG – og meg. Og han vinner livet tilbake påskedagen og åpner veien hjem for oss. Veien hjem til Gud. Så går vi ikke hjemløse på jorda.



Glassmåleriet i Fjell kyrkje.

Det er vanskelig å finne de gode ordene når jeg ønsker å formidle noe som betyr mye for meg. Det er vanskelig å finne ord som kan nå fram til deg. For vi er ikke like. Min historie er ikke din historie. Av og til blir avstanden bare større når iveren min blir stor i forsøket på å forklare, vise, løfte fram. Det finnes ingen direkte vei fra mine tanker, følelser og opplevelser til deg. Jeg kan bare prøve å vise hvem jeg er og hva jeg tror på; hva det betyr for meg. Med orda mine, med livet mitt. Så vil det være avhengig av så mange ting, hvordan du vil ta imot det jeg så gjerne vil dele.

Jeg vet at det er noen som jeg når inn til med min måte å være på og snakke på. Som lytter til mine ord og mitt liv, og som har glede av det. Men jeg vet og at det er andre som ikke opplever det på samme måten.

Nettopp derfor er det viktig at det er flere som forteller, flere som deler liv og tro. Sånn at det blir tydelig at det er mange typer mennesker som tror på Jesus. Sånn at bilde blir fyldigere, at flere sider ved fortellingene kommer fram. Da blir Jesus tydeligere for oss.

Da minner vi oss selv og andre om at det å leve med Jesus er å være levende mennesker, sterke og svake om hverandre. Av og til utrolig gode og smarte, andre ganger hjelpeløst famlende og direkte dumme. Vi søker dit vi kan være sammen med Jesus, vi finner sammen for å dele livet og troen med hverandre. Fordi vi er blitt grepet av Jesus. Fordi han kjenner oss og elsker oss som vi er. Og påska minner oss om at han var villig til å dø, for å åpne veien hjem for oss.

Det står 3 kirker i Fjell, og utallige andre er spredt ut over hele verden. De har et bud til alle som passerer forbi om en større virkelighet. De står der for å minne oss om håpet vi eier. De er gitt oss for å gi ly når det stormer i livet, de gir oss et sted å komme med sorgene og gledene våre. De er Guds hus – og våre. Kanskje dette skulle være en påske for å åpne døra og gå inn. Og møte livets Herre, og vennene hans.

***God påske!***

**Sokneprest Terje Aannerød**



# innhold


| | | | |
|---|---|---|---|
| **Side 4** | **Hjelper skolebarn i Laos** | **Side 8-9** | **Konfirmantane 2015** |
| **Side 5** | **TV-gudstenester i påsken** | **Side 10-11** | **T-dagane** |
| **Side 7** | **Kyrkjevalet 2015** | **Side 12** | **Gudstenesteoversikt** |

# Fjell kyrkjelyd hjelper fattige barn i Laos så dei kan få gå på skule

**Mange av dei fattigaste barna i Laos går ikkje på skule fordi foreldra ikkje har pengar til det skuleutstyret barna treng.**

Fjell kyrkjelyd støttar misjonsprosjektet School Support Laos (SSL), som gjer noko med akkurat dette i Savannakhet provins i Laos.

## Skulegang

I Savannakhet by (den nest største byen i Laos) og omegn hjelper SSL omlag 400 barn til å få elementær utdanning.

Alle barna bur heime hos familien sin og går på den lokale landsbyskulen. Ein gong i året vitjar SSL kvar skule og deler ut ein skulepakke til dei barna som får støtte. Skulepakken inneheld kladdebøker, skuleuniform, sko, skuleveske, skrivesaker, jakke, samt hygieniske artiklar som tannkost, tannkrem, såpe og vaskemiddel. Denne skulepakken er ofte det som skal til for at eit barn byrjar på skulen. Dei kjem ofte frå fattige familiar som ikkje har råd til å



**Misjon: Det arbeidet School Support Laos gjer i Savannakhet-provinsen er viktig og det er med på å gje mange barn håp om ei betre framtid.**

betale barnas skulegang.

## Lærarutdanning

Organisasjonen (SSL) har arbeidd med hjelp til skulebarn i 14 år. I løpet av desse åra har dei gjeve støtte til over 1000 barn som har gått på barneskule, og nokre har og teke vidareutdanning. I dei seinare åra har dei og gjeve støtte til 36 ungdommar som har fått lærarutdanning. Desse har så forplikta seg til å reise tilbake til sine landsbyar og undervise. På denne måten er SSL med på å skape endring i denne byen i Laos.

## Utmerking

SSL har fått stor tillit frå skuleleiinga i området. 5. februar var det høgtideleg overrekking av ei utmerking og takk til SSL for det dei har gjort, og gjer, for barn i området. Det arbeidet SSL gjer i Savannakhet-provinsen er viktig og det er med på å gje mange barn håp om ei betre framtid.

Gjennom støtta vi gjev til misjonsprosjektet School Support Laos, ønskjer Fjell kyrkjelyd å vera med og gjere ein forskjell for barn i Laos.

Om du ønskjer å lese meir om dette kan du gå inn på nettsida til SSL: http://schoolsupportlaos.com/

**Av Torbjørn Fjøren**

# Bli med på tur til Institutt for sjelesorg i Vikersund

**Vi ønsker deg velkommen til å være med oss på tur til Vikersund fra 17. til 21. august 2015. Reisen går til Institutt for sjelesorg, Einar Lundbys stiftelse.**

Vi finner igjen sjelens hvilepuls under noen rolige dager i naturskjønne omgivelser på et fredfullt og godt sted. Rundt huset der vi skal bo, er det fine turmuligheter. Der er vakker skog med




et lett terreng å gå i, uten bakker. Stedet er som skapt for å nyte stillheten og de gode samtalene. Du vil få god tid til å slappe av og bare nyte stillhet og ro. To av dagene blir det bibeltime, og en dag skal vi på utflukt i nærområdet.

## Turen tar ca 6 timer

Det blir fellesreise med tog, tur-retur, fra Bergen til Vikersund.

Turen koster kr. 5.500,- og da er alt inkludert.

## Påmelding innen 20. juni

Du kan melde deg på turen ved å ringe til Jannicke Monstad Hana på tlf. 56 15 71 30 / 41 64 91 88, Torbjørn Fjøren på tlf. 55 09 74 40 / 92 29 53 77 eller Ellen Ebbesvik tlf. 92 44 28 81.

**Friluftsgudsteneste**



**Musikk: Fjell kyrkjebrass**

Liturg: Terje Aannerød

2. påskedag 6. april. kl. 12.00

på Fjell festning.

Kollekt

Sjanger: Brassgudsteneste

**Gospelnight**

**«Tribute to Andraé Crouch»**



Fre. 1. mai kl. 19.30

i Fjell kyrkje.

Kollekt

Sjanger: Gospel

**Sommarkonsert**

**Vokalensemblet Sotra Reviderte & Fjell kyrkjebrass**

Søn. 14. juni kl. 19.30 i Fjell kyrkje.

Kollekt

Sjanger: Kor og Brasskonsert

# NRKs radio og tv-gudstenester vert sendt frå Foldnes kyrkje i påsken

**Palmesøndag og 1. påskedag er det direktesendingar på NRK1 og på NRK P1 kl 11.00. Gudstenesta Langfredag vert teke opp torsdag før palmesøndag (26. mars) kl. 19.30. Opptaket blir sendt på radio og fjernsyn på Langfredag kl. 11.00.**

Kyrkjemusikarar og prestar har lagt mykje arbeid ned i førebuingane, og ein vil samle kyrkjelydane våre i forkynninga av påskebodskapen i ord og tonar. Det blir difor ikkje gudstenester i Fjell og Landro kyrkjer palmesøndag og påskedag. Kvar gudsteneste vil bli ei heilt spesiell oppleving på sin måte!

Det blir mange involverte medarbeidarar på alle gudstenestene. Det blir band, flygel, orgel og fleire songarar og musikarar på alle gudstenestene.

## Langfredag

På langfredagsgudstenesta er Bjarte Nese forrettande prest og Endre Dåvøy musikalsk ansvarleg. Ten Sing Lukas deltek med band, forutan Marianne Juvik Sæbø og ein sangtrio beståande av Gerd Marit Fjereide, Bergljot Gjedrem og Monica Bårdsen Halstensen. Dette blir ei gudsteneste med variert song og musikk – men med ei overvekt av gospel-/lovsongsmusikk.

For best mogleg oppleving, bør vi ha ein stor kyrkjelyd til stades. Det vil difor vere fint om mange møter opp i Foldnes kyrkje til opptaket den 26. mars.



Foldnes kyrkje

Oppmøte er 26. mars kl. 1915 i Foldnes kyrkje.

## Palmesøndag

Palmesøndag er det familiegudsteneste med dåp kl. 11.00. Her bidreg barnekor frå Landro og Fjell, barnesolistar og barneforsongarar m.fl. Vi feirar Jesu inntog til Jerusalem! Forrettande prestar er Terje Aannerød og Petter Ekerhovd-Ottersen. Musikalsk ansvarlege er Endre Dåvøy og Eline Olsen. Oppmøte er palmesøndag kl. 10.45.

## Påskedag

Påskedag er det festgudsteneste med nattverd kl. 11.00. Forrettande prestar er Petter Ekerhovd-Ottersen og Bjarte Nese. Her bidreg Vokal-ensemblet Sotra Reviderte, Fjell kyrkjebrass, band, Heidi Lambach (sang), forsongarar, Bård Leganger Landro m.fl. Kyrkjemusikarane Endre Dåvøy, Olav Sørheim og Eline Olsen er involvert. Dette blir ei høgtidsstund der vi syng påskesalmar og høyrer vakker påskemusikk.

## Påskegudstenestene

**26. mars kl. 1930:** Opptak av gudsteneste til Langfredag i Foldnes kyrkje. ***Oppmøte kl. 19.15.***

**29. mars kl. 11.00:** (Palmesøndag) Direktesendt TV gudstenste m/dåp (NrK1) ***Oppmøte kl. 10.45.***

**2. april kl. 11.00:** (Skjærtorsdag) Gudsteneste i Landro kyrkje m/nattverd

**3. april kl. 11.00:** (Langfredag) Gudsteneste i Fjell kyrkje

**5. april kl. 11.00:** (Påskedag) Direktesendt TV gudsteneste m/nattverd (NrK1) ***Oppmøte kl. 10.45***

**6. april kl. 12.00:** (2. påskedag) Friluftsgudsteneste ved Fjell festning.

## INNKALLING TIL SOKNEMØTE

**Søndag 19. april vert det halde soknemøte i Foldnes kyrkje kl. 13.00-14.00.**

Soknemøtet vil verte orientert om kyrkjelyden sitt ungdomsarbeid og om arbeidet med ny plan for gudstenesteliv. Det vert og høve til å stille spørsmål til soknerådet si årsmelding. Årsmeldinga kan ein finne på www.fjell-kyrkjelyd.no frå 27. mars. Under møtet vert det eige opplegg for born. Før soknemøtet er det gudsteneste og kyrkjekaffi.

**VEL MØTT!**



**Fridomsmarkering**

70 år - 8. mai 1945

**Musikk frå krigsåra**

**Sotra Storband, Vokalemsemblet Sotra Reviderte, Solistar, Kulturinnslag m.m**

Fre. 8. mai
Fjell festning/Fjell kyrkje/
Kultursalen Fjell rådhus

**Friluftsgudsteneste**

**Musikk: Fjell kyrkjebrass**
Liturg: Bjarte Nese
2. pinsedag 25. mai. kl. 12.00
på Langøy Kystkultursenter.
Kollekt
Sjanger: Brassgudsteneste

# Gledar seg over nytt flygel i Fjell kyrkje



Kantor Olav Sørheim gleder seg over nytt flygel i Fjell kyrkje.



**Kyrkjelyden i Fjell kyrkje kan glede seg over eit flunkande nytt flygel i kyrkja.**

– Det er veldig kjekt å ha eit flygel med så god klang, seier kantor Olav Sørheim som set seg ved det flotte instrumentet og spelar nydelege tonar til ære for kyrkjebladets utsendte medarbeidar.

Kantoren tykkjer det er godt å sleppe å flytte det gamle, tunge flygelet att og fram mellom kyrkja og kyrkjelydssalen for kvar gong det er ein konsert eller ei tilstelling.

Det gamle flygelet står no permanent i kyrkjelydssalen.

– Takk til alle som har vore med å bidrege med gåver for at flygelet skulle komme på plass, seier ein nøgd kantor i Fjell kyrkje.

**Av Margit Liljan Apelthun**

## Sotra Reviderte

**Vårsemesteret**

**Viktige datoer:**

**Søndag 5. april, 1. påskedag, kl. 11.00:** Foldnes kyrkje
Sotra Reviderte tek del på direktesendt TV-gudsteneste.

**Fredag 8. mai:** Fjell kulturhus.
Sotra Reviderte tek del på Fredskonsert.

**Fredag 8. mai:** Fredskonsert i Fjell kyrkje, kl. 20.00.
Vokalensemblet Sotra Reviderte, Sotra Storband, songgruppa Rosa m.fl tek del.

**Søndag 24. mai, 1. pinsedag, kl. 11.00:** Fjell kyrkje.
Sotra Reviderte tek del.

**Søndag 14. juni, kl. 19.00:**
Fjell kyrkje.
Sommerkonsert.

**Vokalensemblet Sotra Reviderte**
For alle som vil synge i a-capellakor, tysdagar kl. 19.00-21.30.

**Vil du vere med i Sotra Reviderte?**
Du er hjarteleg velkomen!

*Ta kontakt med:*
*Styreleiar Jarle Hauge, 482 84 287*
*Dirigent Olav Sørheim, 926 15 988*

# Gospelnight i Fjell kyrkje med «Tribute to Andraé Crouch»

**Til ære for nyleg avdøde Andraé Crouch blir det god gammaldags gospelnight i Fjell kyrkje, fredag 1. mai kl. 19.30.**



Dei som vaks opp med gospelnights på 70- og 80-talet, hugsar godt den amerikanske musikaren Andraé Crouch, som blir omtalt som «The king of gospel». Gospel-legenda vann sju Grammy-prisar og har samarbeida med ei rekke celebritetar, blant anna Michael Jackson, Madonna, Diana Ross, Quincy Jones og Elton John. Crouch besøkte Oslo i 1994 i samband med eit samarbeid med Oslo Gospel Choir.

Andraé Crouch døydde i januar etter eit hjarteinfarkt. Han blei 72 år.

– Det blir gode lokale musikk-krefter på gospelnighten, fortel Svein-Arthur Pedersen i Kyrkjemusikkutvalet.

– Øyvind Blom, Øyvind Torsvik og Torstein Fjereide vil stå for musikken. Dei har med seg fire syngjande damer, Gerd Marit Fjereide, Bergljot Gjedrem, Monika Bårdsen Hallstensen og Katrine Sætre.

– Vi har også med Trygve Hellesen og koret Telos, fortel Pedersen som ønsker å gi ein ny generasjon ein smak av ekte gospelnight.



# Kyrkjevalet: Kven vil du røysta på?

**Den (13.-) 14. september er det val på nye sokneråd, og fram til 1. mai kan du påverka kven som skal stå på lista over kandidatar. For første gong får kyrkjelydane i Fjell, Landro og Foldnes kvar sitt sokneråd og dermed auka lokalt sjølvstyre.**

### Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leier verksemda i kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Arbeidet i kyrkjelyden spenner over mange tema – mellom anna miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, ofringar, samarbeid med frivillige, langsiktig planlegging, i tillegg til jus og forvaltning av økonomien. Det skal vere seks faste medlemer i Landro sokneråd og Fjell sokneråd; medan det skal vere åtte faste medlemer i Foldnes sokneråd. I tillegg deltek presten fast på rådsmøta.

### Kor mykje tid tar det?

Soknerådet møtest nokre gonger i halvåret. Dei fleste nyttar mindre enn ein time i veka på vervet. Medlemene er valde for fire år. Ei undersøking blant soknerådsmedlemar viser at eit stort fleirtal både trivst og opplever det som meiningsfylt å sitja i soknerådet. 85 prosent av rådsmedlemene synest vervet var meir eller om lag så tilfredsstillande som dei hadde forventa.

### Kvifor engasjera seg?

- *Du får relevant politisk erfaring du kan nytta i andre samanhengar.*
- *Du vert kjend med nye folk og får eit større nettverk.*
- *Du vert ein del av eit kristent fellesskap.*
- *Du får påverka din lokale kyrkjelyd.*
- *Kanskje oppdagar du nye sider ved deg sjølv.*
- *Du kan få sette dagsorden.*

Har du lyst til å stilla som kandidat? Ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 55 09 74 40!

## Grunnkrinsane i dei tre nye kyrkjesokna

**Bjørgvin bispeømeråd har fatta vedtak om kva grunnkrinsar som høyrer til kvart av dei nye sokna.**

Til **Fjell sokn** høyrer grunnkrinsane Morland, Fjæreide, Kolltveit, Bildøy, Ekerhovd, Lie, Tellnes, Kallestad, Algerøy, Lokøy, Syltøy, Skålvik, Sekkingstad, Skoge-Møvik Ulveset, Fjell, Nesse, Knappskog.

Til **Landro sokn** høyrer Spjeld, Ågotnes, Kårtveit/Eide, Solsvik/Landro, Angeltveit, Vindenes, Misje, Turøy.

Til **Foldnes sokn** høyrer Bjorøy, Anglevik/Våge, Foldnes, Storhilleren, Valen, Straume, Arefjord/Brattholmen, Snekkevik, Ebbesvik, Knarrevik.

DEN NORSKE KYRKJA

# Soknerådsvalet i Fjell

## - No får kyrkjelydane våre sitt eige styre

Tidlegare har det vore felles sokneråd for dei tre kyrkjelydane Fjell, Landro og Foldnes. No skal kvar av dei tre kyrkjelydane styrkast og byggast gjennom å verta eigne sokn. Du kan dermed få plass i det første soknerådet (styre) i kyrkjelyden og staka ut den vidare kursen.

Valføre er medlemar av Den norske Kyrkja som bur i soknet og som seinast i 2015 fyller 18 år.

Soknerådet har oppnemnt ein nominasjonskomite for kvar av dei tre valkrinsane Fjell, Landro og Foldnes. Forslag på kandidatar til dei tre sokneråda kan meldast til Fjell kyrkjekontor innan 1. mai 2015.

I tillegg til soknerådets nominasjonsprosess er det høve til å levere inn alternative kandidatlister innan 1. mai 2015.

Forslag til kandidatliste skal vere underskriven av ti røysteføre medlemer. Ein av underskrivarane skal førast opp som kontaktperson. Kandidatar skal vere ført opp med fornamn, eventuelt mellomnamn, etternamn og alder, samt adresse og yrke/stilling. Kandidatlista skal ordnast i prioritert rekkefølgje (ikkje alfabetisk). Eit listeforslag må ha minst så mange kandidatar som det er faste plassar (for soknerådets liste gjeld at deira liste som eit minimum og må innehalde kandidatar til varaplassar). Foldnes soknreåd skal ha åtte medlemer, medan Fjell og Landro sokneråd skal ha seks medlemer. Alle tre sokneråda skal ha fem varamedlemer. Det er utarbeidd eigne skjema som ein finn på www.kyrkjevalet.no for bruk til kandidat- og listeforslag.

Kyrkjevalet finn stad (13.-)14. september 2015, med førehandsrøysting frå 10. august. Direkte val på leke medlemer til bispedømeråd pg Kyrkjemøtet finn stad samstundes med soknerådsvalet.

Utfyllande informasjon om reglar og anna knytt til valet finn ein på www.kyrkjevalet.no

Kyrkjevalet 2015
www.kyrkjevalet.no

Fjell kyrkje



## Fjell kyrkje
## Laurdag 2. mai - kl. 10.30

Anna Teige
Bothilde Heggholmen Kolltveit
Carina Talling
Carmen Fjæreide Covarrubias
Crispin Tufft Torsvik
Emil Øvretveit
Håkon Kolltveit Larsen
Halvor Kleppevik Skaga
Hedda Teige
Ida-Helen Kobbeltvedt Solsvik
Jennie Bildøy Hestad
Kristoffer Urhaug
Maria Hauge Midttveit
Mariell Olsen Askvik
Martine Myklebust Einarsen
Ole Christer Larson
Ottar Midtkandal Østenstad
Ruben Ekren
Sigurd Lønøy
Silje Ekerhovd
Silje Nilsen
Thea Madelen Helskog Jamne
Tobias Justad
Tobias Kilen
Tomas August Thorsen
Tuva Berntsen
Victor Dypevik

## Fjell kyrkje
## Laurdag 2. mai - kl. 12.30

Anna-Malene Amland
Audun Christoffer Adolfson
Camilla Fjeldberg Johansen
Catrin Grindheim
Daniel Angeltveit Lie
Daniel Sture Solberg
Dennis Andersen Moe
Erlend Engesæter Bognøy
Hedda Veslemøy Lie
Ida Marie Thomassen Stiegler
Iselin Dåvøy Berland
Iselin Norevik Fjell
Jenny Dale Gjerstad
Joakim Lie
Kristoffer Olsen Gjerde
Morten Hernar Helgeland
Natalie Altmann Ekerhovd
Oskar Norman Kirkeli
Patrik Meling
Rebecca Jeanette Sivertsen Lie
Renate Andrea Telle Mollandsøy
Sarah Heimnes
Silje Lindseth
Simon Andrei Lie
Solveig Abelsen
Sophie Blomberg
Synnøve Anita Hansen Hufthammer
Tina Mjåtvedt Hatlestad
Øystein Lie Holgersen

## Fjell kyrkje
## Søndag 3. mai - kl. 10.30

Adrian Angeltveit
Erica Møvik
Fredrik Larsen
Kaja Haukeland
Karianne Algerøy Hjartøy
Katarina Skoge
Kristoffer Ruud Pedersen
Kristoffer Fosse Ekren
Lars-Andreas Møvik
Maria Nordvik
Marius Grønhaug
Martin Thomassen Gudmundsen
Martin Algerøy Hjartøy
Melissa Page Aase
Sander Bakkelid Seim
Sunniva Dorthea Kausland
Trym Waagen Hansen

## Fjell kyrkje
## Søndag 3. mai - kl. 12.30

Anders Algrøy
Andrea Misje Forsberg
Anna Hauge
Arild Algrøy
Carl-Henrik Holmås
Daniel Monsen
Elise Hove Vie
Espen Thomassen
Håvard Algrøy
Ingvil Hansen Folvik
Johnny Lokøy Ulveseth
Kevin Nordtvedt Skaga
Kristiane Elisabet Hellesø Risholm
Marcus Bergtun
Martin Kallestad
Mathias Eide Skålevik
Patrik Ernstsen Solsvik
Ralfs Magnuss Ritums
Rebecca Wilhelmsen
Remi Normann
Sarah Strandtun Silden
Silja Heggelund-Morken
Silje Tollefsen
Sofie Midttun Tellnes
Vetle Christensen Ågotnes
Vilde Fagerheim Aadland

Foldnes kyrkje



## Foldnes kyrkje
## Laurdag 2. mai - kl. 10.30

Amanda Schei
Astrid Fyllingen
Caroline Pernille Syljeset Haugen
Hanne Sjursen
Ingrid Solevåg Blom
Isabel Grønlund Tenold
Isabell Riise Andreassen

# Konfirmantane



Julie Kaalaas
Jørgen Skanding Rasmussen
Marcus Gad Rasmussen
Marte Sandtorv Eide
Martin Hansen Røed
Mina Marielle Hermansen
Regine Bergesen
Sandra Espedal Jensen
Silje Broch Windspoll
Sondre Helle Skjerve
Sondre Sandtorv Eide
Thea Salen
Tiril Natasja Kårtveit
Torstein Amundsen

## Foldnes kyrkje
## Laurdag 2. mai - kl. 12.30

Amalie Rong Hansen
Anders Knapskog
Anita Bjørkedal
August Ness Eide
Daniel Olsen Barth
Daniel Mjøs Røli
Ellen Christina Glomså
Emil Kalsaas
Håvard Johannes Lande Olsen
Jørn Karlsen Ynnesdal
Kent André Gundersen Gjervik
Kim Arne Brakstad
Kim Richard Vigsø
Kristian Lund Kvalsvik
Malene Støfringshaug
Maria-Therese Paulsen
Marius Hatletvedt
Marius Mork Grotle
Matilde Rufus Pamer
Ole Jacob Ones Ekerhovd
Sander Nilssen Ekerhovd
Simen Roseth
Siren Nordvik
Ulrik Haugland

## Foldnes kyrkje
## Laurdag 9. mai - kl. 10.00

Camilla Sjursen
Christine Elise Nicolaysen
Elin Ellefsen Hopland
Frida Moldestad
Ingrid Karoline Nilsen
Janne Haukås Jacobsen
Lene Bjorøy Norevik

# e 2015 i Fjell



Linn Sværen
Malene Bjorøy
Malene Hopland
Maren Solsvik Myredal
Mathias Larsen Bjørø
Mats Leander Daae Lie
Miriam Lemvig Thuen
Nora Brydøy Savland
Olav Telle
Ole-Petter Strand
Sarah Melkevik Stokke
Stig Roar Butler Lokøy
Vilde Dahl

## Foldnes kyrkje
## Laurdag 9. mai - kl. 12.00

Adrian Ellefsen Taranger
Andreas Kversøy Bakke
Andreas Nymark
Glenn Andrè Bjærum
Hanne Måkestad
Inga Amalie Iversen
Ingrid Marie Louise Hannevold
Julie Gangsøy Bjerkeli
Karsten Andre Karlsen
Madeleine Emilie Bjørkhaug
Marta Marie Kalgraff Kaspersen
Martin Iversen Toppe
Mary Alice Berntine Angeltveit Thomassen
Mats Erik Hauge Ludvigsen
Morten Lokøy
Peder Smith
Sander Fondenes
Tobias Landro Sjøflot

## Foldnes kyrkje
## Laurdag 9. mai - kl. 14.00

Adrian Solsvik Svindland
Andrea Rossgård
Arentine Gåsland
Elise Kolltveit Brekke
Emma Olivia Kvalheim
Helena Sundal Olsen
Jostein Rosendahl
Karianne Seljen Langum
Leo Thomas Kårbø Hesjedal
Leonora Kolbeinshavn Tuvin
Marte Elise Sæterbø
Matias Takle
Mikael Absalonsen Strømsnes
Nikolai Hammersland Deisz
Pernille Omdahl
Sara Ruyter
Susanne Korneliussen
Svein Tveit Våge

## Foldnes kyrkje
## Søndag 10. mai - kl. 10.30

Alexandra Lillebø
Amalie Milde
Dan William Rine
Daniel Tubez Michelsen
Eivind Kolbjørnsen
Emilie Bruvik Kristoffersen
Fredrik Eide Fluge
Ingrid Kleive Andersen
Marcus Bendiksen Johansen
Mia Foldnes
Morten Andre Rogne Birknes
Ole Martin Engdal Øvretveit
Paal Nedrebø Eggereide
Sarina Kazemi
